

Andreas Faye-selskapet



Austre Moland, 27. juni 2025

Til medlemmene i Andreas Faye-selskapet

Gode medlemmer, god sommar!

Det viktigaste først: Årsmøtet blir på Kuben – Aust-Agder museum og arkiv mandag 6. oktober kl 1900. John Ole Askedal er årets Andreas Faye-talar. Først foredraget, så årsmøtesaker etterpå.

Takk til alle som var med på Andreas Faye-dagen i Holt kirke og ved Holt seminar søndag 4. mai. Nestleiar Kristin Havstad har omtalt arrangementet på facebooksidea Andreas Faye:



Facebooksidea Andreas Faye-selskapet har fleire oppslag. Blant dei seinaste er om den komande barneboka *Sagnet om strønbruddet*, av Margareth Anker og Bjørn Harald Solbergsengen (illustrasjonar). Boka blir gitt ut på Anker Forlag, og det er lansering på Kuben i Arendal 7. september.

100 elevar frå Dahlske videregående skole i Grimstad var på tredelt studietur 27. mai, med Næs Jernverksmuseum som vertskap. Elevane besøkte jernverksmuseet, Solberg gruver – og

Andreas Faye-selskapet, c/o Jan Kløvstad, Molandsveien 824, 4849 Arendal


Jan.klovstad@venstre.no 91 80 82 56

Bankkonto i Agder Sparebank 2907 25 42051 Organisasjonsnummer 930023965

Holt seminar og Holt kirke. Sekretær Jan Kløvstad i Andreas Faye-selskapet hadde foredrag og omvising i tre omgangar i kyrkja og den da nesten ferdig restaurerte Holt prestegard.

Heimesida www.andreasfaye.no har stadig nye artiklar, redigert av æresmedlem Jan Faye Braadland. Her er *Fra Fayes dagbokskisser til 3D-modell av Gåra stavkirke* av Rune Nordseter, formidler i Kulturarv, Vestfold fylkeskommune:

<https://andreasfaye.no/2025/05/fra-fayes-dagbokskisser-til-3d-modell-av-gara-stavkirke/>
Ta deg tid til å sjå denne artikkelen, med 3D-modellen!



Utgivinga av første band av Andreas Fayes dagbøker får rosande omtalar i fagtidsskrift. «En rik kulturhistorisk kilde», skriv professor John Ole Askedal i ein fyldig artikkel i *Ordet*. Rosande omtale er det også i *Ethnologica Scandinavia Vol.55*, signert professor Arne Bugge Amundsen. Og i *folkeminner*. Tidsskrift for Norsk Folkeminnelag nr 76 i april i år, signert Finn Christen Hansen. Ein felles konklusjon i alle omtalar av Jan Faye Braadlands arbeid med dagbøkene er Hansens avslutningsord:

Andreas Faye-selskapet, c/o Jan Kløvstad, Molandsveien 824, 4849 Arendal

Jan.klovstad@venstre.no 91 80 82 56


Bankkonto i Agder Sparebank 2907 25 42051 Organisasjonsnummer 930023965

Dagbøkene til Andreas Faye ble innlevert i en kasse til Aust-Agder-Arkivet i 1971, mer enn 100 år etter forfatterens død. De mange hundre dagboksiderne ført med gotisk handskrift er blitt møysommelig transkribert av fagpersoner. En har forsøkt så langt som mulig å beholde Fayes originale skrivemåte. Dagbøkene inneholder et vell av opplysninger om personer, steder og begivenheter. Denne utgivelsen er en bok som kan være litt vanskelig å trenge inn i, men her er det atskillig stoff som en kan fordype seg i. Boken har mange virkelig fine illustrasjoner, noe som gjør innledningen, selve dagbøkene og de tre appendiksene enda mer levende og interessante. Utgivelsen er rett og slett et solid handverk fra begynnelse til slutt, grundig gjennomtenkt og utført.

Andreas Faye-selskapet er fra 15. mai nemnt i Store norske leksikon, i artikkelen om Andreas Faye: https://snl.no/Andreas_Faye Og på wikipedia: [wikipedia.no: https://no.wikipedia.org/wiki/Andreas_Faye-selskapet](https://no.wikipedia.org/wiki/Andreas_Faye-selskapet)

Vi har framleis noen eksemplar av årbøkene frå 2023 og 2024 på lager, i tillegg til biografiane av Ernst Håkon Jahr om Andreas Faye og Andreas M. Feragen. For første band av dagbøkene, send ein e-post til Jan Faye Braadland på post@tekstforlaget.no eller bestill frå www.novus.no

Beste helsing
Styret i Andreas Faye-selskapet

A photograph of a handwritten signature in black ink on a light-colored background. The signature reads "Jan Kløvstad" in a cursive, flowing script.

Jan Kløvstad, sekretær

Andreas Faye-selskapet, c/o Jan Kløvstad, Molandsveien 824, 4849 Arendal

Jan.klovstad@venstre.no 91 80 82 56

Bankkonto i Agder Sparebank 2907 25 42051 Organisasjonsnummer 930023965